

[Intestinale enterokokkar](#) er tarmbakteriar som førekjem i avføring hos dyr og menneske. Enterokokkar tilhøyrer den normale tarmfloraen hos menneske og dyr og gir sjeldan sjukdom hos ellers friske personar. Det er såleis ikkje behov for å oppsøke lege eller å teste seg ved milde symptom. Funn av intestinale enterokokkar i ei vassprøve er teikn på forureining av drikkevatnet, og tiltak for abonnentane vil vere å koke vatnet medan vassverket finn ut årsak til forureining.

Råd til forbrukarar: Kva skal ein gjere når vatnet må kokast? *Kjelde: [fhi.no](#)*

Vatnet må fosskoke og må få tid til å avkjølast naturleg, utan tilsetjing av isbitar eller liknande. Alt vatn frå springen som drikkast, må vere kokt først. Eit alternativ til kokt vatn kan vere flaskevatt.

Forutan drikke, bør du brukt kokt vatn til:

- All mat som ikkje skal kokast eller varmebehandlast over 100 °C
- Utblanding av saft, og andre produkt som drikkast eller etast
- Kaffi. Kaffitraktarar koker ikkje vatnet og vatnet til kaffitraktaren må derfor vere kokt på førehand. Andre typer kaffimaskiner bør sjekkast med forhandlar
- Isbitar
- Skylling av frukt, salat og grønnsaker som ikkje skal kokast
- Tannpuss

Ukokt vatn kan brukast til:

- Koking av mat
- Handvask. Hendene vaskast med såpe, skyllast og tørkast etterpå
- Dusjing og karbad: Ein kan dusje og bade som normalt ved kokeanbefaling, men har ein dårleg immunforsvar i kombinasjon med opne sår, anbefalast ein rask dusj (ikkje karbad) og at ein tørker seg godt etterpå. Pass på ikkje å svelge vatn. Ha særleg kontroll med små barn.
- Manuell oppvask og oppvaskmaskin: Ved oppvask for hand må oppvasken skyllast med kokt, varmt vatn og tørkast godt. Oppvaskmiddel med desinfeksjonseffekt er ikkje tilstrekkeleg. For å oppnå god desinfeksjonseffekt i ei oppvaskmaskin må programmet ha ein temperatur på minimum 65 °C når det brukast vanlege hushaldningsmaskiner med programlengde på 1 time eller meir. La oppvasken stå og lufttørke.
- Klesvask
- Reinhold i heimen
- Anna bruk i heimen

Barn bør ikkje leike med vatnet i hagevatningsanlegg, eller bade i barnebasseng i periodar med kokevarsel.

Kjelde: [fhi.no](#)